Kvam herad

KVAM FORMANNSKAP

MØTEPROTOKOLL

Dato:	26.11.2026	**Kl.:**	09:00 - 15:00	**Stad:**	Rådhuset, heradsstyresalen

Forfall meldt frå følgjande medl.	**Parti**	**Følgjande varamedl. møtte**	**Parti**
Sandven, Arne	H	Neteland, Johanne	SP

Orientering:

- Velkomen og namneopprop ved ordførar Torgeir Næss
- Orienteringar ved rådmann Anita Hesthamar
- Sak 095/26 vart utsett til slutten av møtet. Handsaminga av saka starta slik den var sett opp, men grunna FSK ønskte å arbeide meir med framlegga i saka, så vart handsaminga utsett til etter sak 105/26.
- Linda Haugland Jondahl, AP fekk permisjon frå møtet kl. 13.45. Ho hadde permisjon frå sak 101/26.

Møteleiar:	Næss, Torgeir, Ordførar
Møtesekretær:	Kari Weltzien Vik, administrativ rådgjevar

SAKLISTE:

Sak nr.	**Arkivsak**	**Sakstittel**
089/26	26/3607	Godkjenning av møteprotokoll, innkalling og sakliste
090/26	26/1862	Kvam herad - Budsjett 2027 og Økonomiplan 2027-2030
091/26	26/3585	Prisar og gebyr 2027
092/26	26/3586	Forskrift for eigedomsskatt for 2027 for Kvam herad
093/26	26/709	Klage - omgjering av FSK vedtak 059/26 om båtopptrekk/slipp og molo/brygge på gnr. 3 bnr. 7, Vikøyvegen 720
094/26	26/3411	Søknad om konsesjon for overtaking av fast eigedom gnr. 1, bnr. 2. Torstein Geirmundson

		Storaas
095/26	25/2512	Kommuneplanen sin samfunnsdel - 1. gongs handsaming
096/26	25/4630	Kommunedelplan for helse og omsorg - 1. gongs handsaming
097/26	26/3350	Avtale om administrativt vertskommune samarbeid for Miljøretta helsevern
098/26	26/3449	Vertskommunesamarbeid NAV for kommunane Ulvik, Eidfjord, Kvam, Vaksdal og Voss
099/26	26/3492	Deltaking i regional programsatsing systematisk folkehelsearbeid i Vestland 2026 - 2036
100/26	25/2175	Innføring av kommunale vassmålarar
101/26	26/3598	Kvam ungdomsskule- Uteområde
102/26	26/3582	Utgreiing om eigedom med Røde Kors-huset
103/26	26/3522	Prioritering av spelemidlar 2027
104/26	26/2266	Førebyggings- og fritidstenester og utlånsordninga BUA
105/26	25/3868	Permisjon frå vervet som 1. vara i Kvam heradsstyre. Laila Sagstad Fosso

089/26: Godkjenning av møteprotokoll, innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:
1. Protokollen frå førre møte vert godkjent.
2. Innkalling og sakliste til dagens møte vert godkjent.

26.11.2026 Kvam formannskap

Behandling:
Røysting:
Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med 9 røyster

FSK - 089/26 VEDTAK:

1. Protokollen frå førre møte vert godkjent.
2. Innkalling og sakliste til dagens møte vert godkjent.

090/26: Kvam herad - Budsjett 2027 og Økonomiplan 2027-2030

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Framlegg til budsjettvedtak - Rådmann sitt forslag til budsjett og økonomiplan 2027-2030
Kvam heradsstyre vedtek følgjande rammer for budsjett for 2027 og økonomiplan 2027-2030:

1. Økonomiske rammer
a. Budsjettet for 2027 er definert gjennom oppstillingane som nevnt i Forskrift til Kommunelova § 5-4 til §5-7. Rådmannen får fullmakt i tråd med økonomireglement (HST-103/20).
b. Avgiftsbudsjett og kommunale gebyr vert vedteke i eiga sak, i samsvar med føresetnader i driftsbudsjettet.
c. Rådmannen får fullmakt til å fordela lønspott, prisjusteringspott og fellesutgifter på tenesteområda, i tillegg å gjera budsjettjusteringar av bruk og avsetjing til bundne fond i samsvar med fondet sitt føremål og gjeldande regelverk.
d. Rådmannen får fullmakt til å justera budsjettet som følgje av tekniske endringar som t.d. endringar i KOSTRA-oppsett eller kommunale rekneskapsstandardar.
e. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om kjøp av bustader og oppgradering av dei på inntil 5 mill. kr per år. Eventuelle kjøp vert finansiert med lån.
f. Rådmannen får fullmakt til å bruka opp til 2 mill. kr per krisehending som strakstiltak i eventuelle krisesituasjonar.
g. Netto inntekter frå heimfalls- og konsesjonskraft utover opphaveleg budsjett, skal setjast av i eit kraftfond (disposisjonsfond).
h. Finansielle måltal for økonomiplanperioden vert sett til:

1. Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter skal vera høgare enn 2,0 % innan utgangen av økonomiplanperioden.
2. Lånegjeld (utan lån til vidare utlån) i prosent av driftsinntekter skal liggja under 125 % i heile økonomiplanperioden.

3. Disposisjonsfondet skal vera meir enn 10 % av driftsinntekter ved utgangen av økonomiplanperioden.

2. Finans- og gjeldsfullmakter
a. Rådmannen får fullmakt til å oppretthalda trekkrett i kontosystemet til Kvam herad, i tråd med reglement for finans- og gjeldsforvaltning (HST-018/21) vedteke 16.02.2021. Trekkretten skal vera på inntil 40 mill. kr.
b. Rådmann får fullmakt til å inngå avtalar om opptak av nye obligasjonslån, sertifikatlån eller andre lån til finansiering av investeringsprosjekt etter kvart som dei vert vedtekne, samt å avtala nærare lånetidspunkt og lånevilkår, og underteikne lånekontraktar. Lånebehovet for 2027 er budsjettert til 200 mnok. Rådmann får fullmakt til å ta opp inntil 200 mnok med fråtrekk for ubrukte lånemidlar per 01.01.2027.
c. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Husbanken om inntil 20 mill. kr i lån til vidare utlån (Startlån).
d. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om refinansiering av eksisterande lån, til å inngå avtale om lånetidspunkt og lånevilkår, samt underteikna lånekontraktar.
e. Det skal betalast 56 mill. kr i avdrag i 2027 på ordinære lån og 4,5 mill.kr i Husbanklån. Rådmannen står fritt til å betala budsjetterte avdrag på dei lån rådmannen finn føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.

3. Skatt på eige og inntekt
Skatt på eige og inntekt vil verta utlikna med maksimalsatsane som Stortinget fastset.

4. Eigedomsskatt
Eigedomsskatt vert utskrive i tråd med forskrift.

5. Sal av heimfalls- og konsesjonskraft
Rådmann får fullmakt til å selja kommunen si heimfallskraft (106,7 GWh/år) og konsesjonskraft (60,9 GWh/år). For konsesjonskrafta har rådmannen fullmakt til å inngå fastpriskontraktar i heile økonomiplanperioden. All heimfallskrafta og eventuell konsesjonskraft som ikkje er prissikra skal seljast i spotmarknaden.

6. Møtegodtgjersla og andre politiske godtgjersler
Møtegodtgjersle vert utbetalt i tråd med HST-033/23, «Politisk organisering 2023-2027 Kvam herad".

7. Busetjing av flyktningar
Kvam herad skal ta imot inntil 20 flyktningar.

8. Kan-Skje Kafè
Budsjettrammene vert auka med 0,3 mnok for å oppretthalda tilbodet på Kan-Skje Kafè. Finansiert med bruk av disposisjonsfond.

9. Obligatoriske tabellar
Nedanfor følgjer obligatoriske tabellar, som i samsvar med kommunelova skal rapporterast i budsjett og økonomiplan.

23.11.2026 Kvam eldreråd

Behandling:
Uttale frå Kvam eldreråd v/ Kåre Rise:

Bedre heradsøkonomi.
12.feb. 2025 vedtok stortinget å mjuka opp vern av verna vassdrag.
Kvam herad har 2 verna vassdrag. Me er fortalde at været er i endring og flaumskader har vorte veksande.
Kvam eldreråd vil foreslå:
Kvam herad v/kraftverket søkjer fri frå vernet, med tanke på å søkje konsesjon og utbygging av desse to vassdraga.
Bakgrunn: Betre økonomi, skaffa arbeidsplassar og ikkje minst verne vassdraga mot flaum.
NB Øystese

Tilleggsforslag frå Kvam eldreråd:
Ferdigstilling av gangveg frå pensjonisten til Torget i Ålvik

Kvam herad må i samarbeid med Vestland fylkeskommune få på plass siste rest av gangvegen til Torget

Røysting:
Kvam eldreråd tar saka til vitande med desse tillegga:

Bedre heradsøkonomi.
12.feb. 2025 vedtok stortinget å mjuka opp vern av verna vassdrag.
Kvam herad har 2 verna vassdrag. Me er fortalde at været er i endring og flaumskader har vorte veksande.
Kvam eldreråd vil foreslå:
Kvam herad v/kraftverket søkjer fri frå vernet, med tanke på å søkje konsesjon og utbygging av desse to vassdraga.
Bakgrunn: Betre økonomi, skaffa arbeidsplassar og ikkje minst verne vassdraga mot flaum.
NB Øystese

Ferdigstilling av gangveg frå pensjonisten til Torget i Ålvik
Kvam herad må i samarbeid med Vestland fylkeskommune få på plass siste rest av gangvegen til Torget

KER - 035/26 VEDTAK:

Kvam eldreråd tar saka til vitande med desse tillegga:

Bedre heradsøkonomi.
12.feb. 2025 vedtok stortinget å mjuka opp vern av verna vassdrag.
Kvam herad har 2 verna vassdrag. Me er fortalde at været er i endring og flaumskader har vorte veksande.
Kvam eldreråd vil foreslå:
Kvam herad v/kraftverket søkjer fri frå vernet, med tanke på å søkje konsesjon og utbygging av desse to vassdraga.
Bakgrunn: Betre økonomi, skaffa arbeidsplassar og ikkje minst verne vassdraga mot flaum.
NB Øystese

Ferdigstilling av gangveg frå pensjonisten til Torget i Ålvik
Kvam herad må i samarbeid med Vestland fylkeskommune få på plass siste rest av gangvegen til Torget

25.11.2026 Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Behandling:
Tilleggsforslag frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne:
RMF ynskjer å få tildelt ein eigen konto med disponibelt beløp på kr 50000,- til bruk ved opplæring, kurs, konferanse og evt. arrangement .
RMF legg til grunn at dette vert finansiert som ein del av det politiske arbeidet i Kvam herad.

Røysting:
RMF støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak med fylgjande tillegg:
a. RMF ynskjer å få tildelt ein eigen konto med disponibelt beløp på kr 50000,- til bruk ved opplæring, kurs, konferanse og evt. arrangement .
Rådet legg til grunn at dette vert finansiert som ein del av det politiske arbeidet i Kvam herad.
b. RMF er svært positive til budsjettvedtak punkt 8, auka budsjettramme med 0,3 mnok for å oppretthalda tilbodet på Kan-Skje Kafè

RMF - 037/26 VEDTAK:

RMF støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak med fylgjande tillegg:
a. RMF ynskjer å få tildelt ein eigen konto med disponibelt beløp på kr 50000,- til bruk ved opplæring, kurs, konferanse og evt. arrangement .
Rådet legg til grunn at dette vert finansiert som ein del av det politiske arbeidet i Kvam herad.

b. RMF er svært positive til budsjettvedtak punkt 8, auka budsjettramme med 0,3 mnok for å oppretthalda tilbodet på Kan-Skje Kafè

26.11.2026 Kvam formannskap

Behandling:
Fellesframlegg frå partia FRP, AP og KRF sett fram av Frode Nygård, FRP:
Som rådmannen si innstilling med fylgjande endringar/tillegg:
DRIFT:
Kyrkjeleg fellesråd: Auka tilskot i 2027: 1 million kroner. Finansiering: Disposisjonsfond
Straumstøtte lag og organisasjonar: 1 million kroner i 2027. Søkbar ordning. Finansiering: Disposisjonsfond
To årlege opptak i barnehage, heile perioden: 3 millionar kroner i heile økonomiplanperioden. Finansiering: Disposisjonsfond
Oppretthalda 350.000,- i botnfrådrag i eigedomsskatten for 2027: 4 millionar kroner i 2027. Finansiering: Disposisjonsfond (redusert avsetjing til…)
Kvam eldreråd: 30.000 kr årleg i budsjett til kurs o.a. aktivitetar i heile økonomiplanperioden. Finansiering: Disposisjonsfond
RMNF: 30.000 kr årleg i budsjett til kurs o.a. aktivitetar i heile økonomiplanperioden. Finansiering: Disposisjonsfond

Kvam energi, utbyte: 5 millionar kroner i ekstraordinært utbyte for 2027.

INVESTERING:
Namna minnelund i Norheimsund i 2027: 3,5 millionar kroner. Finansiering: lån
Ferdigstilling uteområde Bjørketeigen barnehage: 1 million kroner i 2027. Finansiering: Lån

Verbalpunkt:

- Planleggja og leggja fram sak om namna minnelund i Strandebarm og Ålvik i 2028.
- KRB: Heradsstyret bed om at status vedrørande kapasitet på KRB vert presentert ved 1. tertial 2027. Emne: M.a. ventelister, prioriteringstema, status for pasientar utskrive frå sjukehus, status for avlastning, status for dagmulkt.

DRIFTSREKNESKAP	2027	2028	2029	2030
Sum driftsinntekter (rådmannen sitt framlegg)	- 1 312 200 000	- 1 269 800 000	- 1 247 100 000	- 1 268 800 000
Sum driftsutgifter (rådmannen sitt framlegg)	1 270 200 000	1 240 600 000	1 216 100 000	1 224 900 000
Netto finansutgifter (rådmannen sitt framlegg)	67 800 000	80 900 000	91 700 000	95 600 000
Motpost avskrivingar (rådmannen sitt framlegg)	- 72 000 000	- 71 900 000	- 71 900 000	- 71 900 000
NETTO DRIFTSRESULTAT (rådmannen sitt framlegg)	**- 46 200 000**	**- 20 200 000**	**- 11 200 000**	**- 20 200 000**
ENDRINGSFRAMLEGG - DRIFT	4 060 000	3 060 000	3 060 000	3 060 000
ENDRINGSFRAMLEGG - INVESTERING (akk. årleg endring renter og avdrag)	387 000	387 000	387 000	387 000
JUSTERT Netto driftsresultat etter endringer	**- 41 753 000**	**- 16 753 000**	**- 7 753 000**	**- 16 753 000**
NØKKELTAL Netto driftsresultat i prosent av netto driftsinntekter	*3,2 %*	*1,3 %*	*0,6 %*	*1,3 %*

DISPONERING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	2027	2028	2029	2030
Disposisjonsfond ved årsslutt (estimat basert på budsjett 2026)	162 000 000	174 000 000	177 000 000	189 000 000
ENDRINGSFRAMLEGG - BRUK AV DISPOSISJONEFOND (frå linje 7 og 8)	**- 4 447 000**	**- 3 447 000**	**- 3 447 000**	**- 3 447 000**
JUSTERT Disposisjonsfond	**157 553 000**	**170 553 000**	**173 553 000**	**185 553 000**
NØKKELTAL Disposisjonsfond i prosent av netto driftsinntekter	*12,0 %*	*13,4 %*	*13,9 %*	*14,6 %*

INVESTERINGSREKNESKAPEN	2027	2028	2029	2030
Investeringar i varige driftsmidlar (rådmannen sitt framlegg eks. mva.)	225 635 000	49 295 000	42 088 000	37 388 000
ENDRINGSRAMLEGG Investering i varige driftsmidlar	4 500 000	-	-	-
JUSTERT Investeringar i varige driftsmidlar (etter endringsframlegg)	**230 135 000**	**49 295 000**	**42 088 000**	**37 388 000**

LANGSIKTIG LÅNEGJELD	2027	2028	2029	2030
Sum langsiktig lånegjeld ex. startlån (rådmannen sitt framlegg)	1 603 000 000	1 576 000 000	1 543 000 000	1 504 000 000
ENDRINGSRAMLEGG Investering i varige driftsmidlar	4 500 000	-	-	-
JUSTERT Lånegjeld ex. startlån	**1 607 500 000**	**1 580 500 000**	**1 547 500 000**	**1 508 500 000**
NØKKELTAL Lånegjeld ex. startlån i prosent av driftsinntekter	*123 %*	*124 %*	*124 %*	*119 %*

*) Tabellen på denne sida vert oppdatert automatisk basert på det som vert lagt inn i fanane for endringsframlegg

Budsjett og økonomiplan 2026-29 — Framlegg til endringar DRIFT

Forslagsstillar(ar):

Nr.	ENDRINGSFORSLAG DRIFT (tal i kr)	2027	2028	2029	2030	SUM
a	Auka tilskot til kyrkja/straumstøtte	1 000 000				1 000 000
b	Straumstøtte (søkbar) til lag og organisasjonar	1 000 000				1 000 000
c	To årlege opptak i barnehage	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	12 000 000
d	Oppretthalda 350' i bohnfrådrag i eigedomsskatten	4 000 000				4 000 000
e	Kvam eldreråd, budsjettmidlar til kursing, m.v.	30 000	30 000	30 000	30 000	120 000
f	RMNF, budsjettmidlar til kursing, m.v.	30 000	30 000	30 000	30 000	120 000
g	Ekstraordinært utbyte Kvam energi	- 5 000 000				- 5 000 000
h						-
i						-
j						-
k						-
l						-
m						-
n						-
o						-
p						-
q						-
r						-
s						-
t						-
	SUM ENDRINGSFORSLAG DRIFT (overført til framside)	**4 060 000**	**3 060 000**	**3 060 000**	**3 060 000**	**13 240 000**
	Endring i bruk av disposisjonsfond (overført til framside)	**- 4 060 000**	**- 3 060 000**	**- 3 060 000**	**- 3 060 000**	**- 13 240 000**

Bruksanvisning

1) Berre dei kvite felta skal fyllast ut. Dei andre felta vert berekna automatisk.
2) Skriv i øvste felt kven som fremjar forslaget
3) Skriv inn endringsforslaga. Eit på kvar linje.
4) Legg inn tal for alle dei aktuelle åra i økonomiplanperioden.
   * Auke i utgifter eller reduksjon i inntekter skal registrerast med "pluss" fortegn.
   * Auke i inntekter eller reduksjon i utgifter skal registrerast med "minus" fortegn.
5) Alle forslag til auka utgifter må finansierast.
   * Finansiering kan vera reduksjon i utgifter eller auke i inntekter. Dette må leggjast inn i tabellen på eiga linje.
   * Endringsforslag som ikkje er finansiert vert automatisk lagt inn som "Endring i bruk av disposisjonsfond"



Budsjett og økonomiplan 2026-29 | Framlegg til endringar INVESTERING

Forslagsstillar(ar)	

Nr.	ENDRINGSFRAMLEGG INVESTERING (tal i Kr. eks.mva.)	2027	2028	2029	2030	SUM
a	Namna minnelund Norheimsund	3 500 000				########
b	Bjørketeigen barnehage. Til uteområde	1 000 000				1 000 000
c	Tertial rapporten for 2027. Er det ventelister på å få plass? Korleis vert prioritering av plassar tildelt? Er det automatikk i at pasientar som har vore på sjukehus får rett til plass på KBR for oppfølging etter operasjon, når sjukehuset anbefalar det? Kva instans sikrar pasienten sitt behov i overgangen mellom sjukehusinnleggelse og plass på KBR?					-
d	Planlegge navna minnelund i Ålvik og Strandebarm i 2028					-
e						-
f						-
g						-
h						-
i						-
j						-
k						-
l						-
m						-
n						-
o						-
p						-
q						-
r						-
s						-
t						-
	ENDRINGSFRAMLEGG investering i varige driftsmidlar (over	########	-	-	-	########

DRIFTSREKNESKAPEN Påverknad på netto driftsresultat	2027	2028	2029	2030	SUM
Årleg meirutgift renter 5,0 % (anslag basert på marknadsrenta)	225 000	-	-	-	225 000
Årleg meirutgift avdrag 3,8 % (anslag basert på gj.sn. avskriving 2025)	162 000	-	-	-	162 000
SUM Årleg endring renter og avdrag	387 000	-	-	-	387 000
AKKUMULERT Årleg endring renter og avdrag (overført til fra	387 000	387 000	387 000	387 000	1 548 000

Bruksanvisning

1) Berre dei kvite felta skal fyllast ut. Dei andre felta vert berekna automatisk.
2) Skriv i øvste felt kven som fremjar forslaget
3) Skriv inn endringsforslaga. Eit på kvar linje.
4) Legg inn tal for dei aktuelle åra i økonomiplanperioden når investeringen skal gjennomførast.
   * Auke i investeringsutgifter registrerast med "pluss" fortegn.
   * Fjerning av tidlegare vedtekne investeringar registrerast med "minus" fortegn.
5) Endringane er forutsatt fiansiert med Dispositjonsfond.
6) Eventuelle auka eller reduserte driftskostnader, vedlikehaldsautgifter, finansieringstiltak eller innsparinger knytt til investeringa må registrerast som "Endringsframlegg drift"

Framlegg frå Høgre sett fram av Karina Hoff, H:

Som rådmannen sitt framlegg til budsjett 2027 og økonomiplan 2027-2030 vert vedteke med desse tillegga:

1. Heradsstyret legg til grunn at fordelinga av det nye innsparingsprogrammet på tenesteområda er førebels og teknisk. Innhald og endeleg fordeling vert vedteke av heradsstyre i eiga sak innan juni 2027.

2. Saka skal omfatte alle tenesteområda. Rådmannen legg fram minst to alternative fordelingar, der eitt av alternativa avgrensar delen for helse og omsorg og oppvekst på tilsaman høgst 60% av innsparingskrava.

3. Talet på antal plassar i helse og omsorg skal ikkje reduserast som fylgje av innsparingskrava utan eit vedtak i heradsstyret. Dette gjeld antal plassar i korttidsavdeling og i heildøgns omsorg.

4. Rådmannen orienterer formannskapet om gjennomføringa av nedtrekket på 6 mnok i pleie og omsorg før ny turnus vert sett i verk i Mars 2027. Kan ikkje nedtrekket gjennomførast utan å redusere plassar, legg rådmannen fram alternativ inndekning i same sak.

Framlegg frå Senterpartiet sett fram av Johanne Neteland, SP:

Som rådmannen sitt framlegg med fylgjande endringar:

Endring drift:

- Auke til to barnehageopptak frå barnehageåret 27/28: 2 millionar kr i budsjettet for 2027, deretter 4 mill kr årleg ut planperioden. Finansierast med disposisjonsfond

Endring investering:
- Vidareføra prosjektering vassforsyning til Soldal, 620 000 kr i budsjettet 2027, finansierast med disposisjonsfond

DRIFTSREKNESKAP	2027	2028	2029	2030
Sum driftsinntekter (rådmannen sitt framlegg)	- 1 312 200 000	- 1 269 800 000	- 1 247 100 000	- 1 268 800 000
Sum driftsutgifter (rådmannen sitt framlegg)	1 270 200 000	1 240 600 000	1 216 100 000	1 224 900 000
Netto finansutgifter (rådmannen sitt framlegg)	67 800 000	80 900 000	91 700 000	95 600 000
Motpost avskrivingar (rådmannen sitt framlegg)	- 72 000 000	- 71 900 000	- 71 900 000	- 71 900 000
NETTO DRIFTSRESULTAT (rådmannen sitt framlegg)	**- 46 200 000**	**- 20 200 000**	**- 11 200 000**	**- 20 200 000**
ENDRINGSFRAMLEGG - DRIFT	2 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000
ENDRINGSFRAMLEGG - INVESTERING (akk. årleg endring renter og avdrag)	53 320	53 320	53 320	53 320
JUSTERT Netto driftsresultat etter endringer	**- 44 146 680**	**- 16 146 680**	**- 7 146 680**	**- 16 146 680**
NØKKELTAL Netto driftsresultat i prosent av netto driftsinntekter	*3,4 %*	*1,3 %*	*0,6 %*	*1,3 %*

DISPONERING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	2027	2028	2029	2030
Disposisjonsfond ved årsslutt (estimat basert på budsjett 2026)	162 000 000	174 000 000	177 000 000	189 000 000
ENDRINGSFRAMLEGG - BRUK AV DISPOSISJONEFOND (frå linje 7 og 8)	**- 2 053 320**	**- 4 053 320**	**- 4 053 320**	**- 4 053 320**
JUSTERT Disposisjonsfond	**159 946 680**	**169 946 680**	**172 946 680**	**184 946 680**
NØKKELTAL Disposisjonsfond i prosent av netto driftsinntekter	*12,2 %*	*13,4 %*	*13,9 %*	*14,6 %*

INVESTERINGSREKNESKAPEN	2027	2028	2029	2030
Investeringar i varige driftsmidlar (rådmannen sitt framlegg eks. mva.)	225 635 000	49 295 000	42 088 000	37 388 000
ENDRINGSFRAMLEGG Investering i varige driftsmidlar	620 000	-	-	-
JUSTERT Investeringar i varige driftsmidlar (etter endringsframlegg)	**226 255 000**	**49 295 000**	**42 088 000**	**37 388 000**

LANGSIKTIG LÅNEGJELD	2027	2028	2029	2030
Sum langsiktig lånegjeld ex. startlån (rådmannen sitt framlegg)	1 603 000 000	1 576 000 000	1 543 000 000	1 504 000 000
ENDRINGSFRAMLEGG Investering i varige driftsmidlar	620 000	-	-	-
JUSTERT Lånegjeld ex. startlån	**1 603 620 000**	**1 576 620 000**	**1 543 620 000**	**1 504 620 000**
NØKKELTAL Lånegjeld ex. startlån i prosent av driftsinntekter	*122 %*	*124 %*	*124 %*	*119 %*

*) Tabellen på denne sida vert oppdatert automatisk basert på det som vert lagt inn i fanane for endringsframlegg

Budsjett og økonomiplan 2026-29 — Framlegg til endringar DRIFT

Forslagsstiller(ar): Senterpartiet

Nr.	ENDRINGSFORSLAG DRIFT (tal i kr)	2027	2028	2029	2030	SUM
a	Auke til 2 barnehageopptak frå barnehageåret 27/28	2 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000	14 000 000
b						-
c						-
d						-
e						-
f						-
g						-
h						-
i						-
j						-
k						-
l						-
m						-
n						-
o						-
p						-
q						-
r						-
s						-
t						-
	SUM ENDRINGSFORSLAG DRIFT (overført til framside)	**2 000 000**	**4 000 000**	**4 000 000**	**4 000 000**	**14 000 000**
	Endring i bruk av disposisjonsfond (overført til framside)	- 2 000 000	- 4 000 000	- 4 000 000	- 4 000 000	- 14 000 000

Bruksanvisning
1) Berre dei kvite felta skal fyllast ut. Dei andre felta vert berekna automatisk.
2) Skriv i øvste felt kven som fremjar forslaget
3) Skriv inn endringsforslaga. Eit på kvar linje.
4) Legg inn tal for alle dei aktuelle åra i økonomiplanperioden.
   * Auke i utgifter eller reduksjon i inntekter skal registrerast med "pluss" fortegn.
   * Auke i inntekter eller reduksjon i utgifter skal registrerast med "minus" fortegn.
5) Alle forslag til auka utgifter må finansierast.
   * Finansiering kan vera reduksjon i utgifter eller auke i inntekter. Dette må leggjast inn i tabellen på eiga linje.
   * Endringsforslag som ikkje er finansiert vert automatisk lagt inn som "Endring i bruk av disposisjonsfond"



Røysting:
Det var komen inn 3 budsjettframlegg. Det vart røysta over alle framlegga.
1. Rådmannen sitt framlegg til budsjett fekk 0 røyster og vart ikkje vedtek.
2. Budsjettframlegget til H sett fram av Karina Hoff, H fekk 1 røyst og fall mot 8 røyster. Karina Hoff røysta for sitt eige framlegg.
3. Budsjettframlegget til Sp sett fram av Johanne Neteland, SP fekk 2 røyster og fall mot 7 røyster. Senterpartiet (2 røyster) røysta for sitt eige framlegg.
4. Budsjettfralgget til FRP, AP og KRF sett fram av Frode Nygård, FRP fekk 6 røyster og vart vedteke mot 3 røyster. Karin Hoff, H, Gjermund Stuve, SP og Johanne Neteland, SP røysta mot framlegget.

FSK - 090/26 VEDTAK:
Som rådmannen si innstilling med fylgjande endringar/tillegg:
DRIFT:
Kyrkjeleg fellesråd: Auka tilskot i 2027: 1 million kroner. Finansiering: Disposisjonsfond
Straumstøtte lag og organisasjonar: 1 million kroner i 2027. Søkbar ordning. Finansiering: Disposisjonsfond
To årlege opptak i barnehage, heile perioden: 3 millionar kroner i heile økonomiplanperioden. Finansiering: Disposisjonsfond
Oppretthalda 350.000,- i botnfrådrag i eigedomsskatten for 2027: 4 millionar kroner i 2027. Finansiering: Disposisjonsfond (redusert avsetjing til…)
Kvam eldreråd: 30.000 kr årleg i budsjett til kurs o.a. aktivitetar i heile økonomiplanperioden. Finansiering: Disposisjonsfond
RMNF: 30.000 kr årleg i budsjett til kurs o.a. aktivitetar i heile økonomiplanperioden. Finansiering: Disposisjonsfond

Kvam energi, utbyte: 5 millionar kroner i ekstraordinært utbyte for 2027.

INVESTERING:
Namna minnelund i Norheimsund i 2027: 3,5 millionar kroner. Finansiering: lån

Ferdigstilling uteområde Bjørketeigen barnehage: 1 million kroner i 2027. Finansiering: Lån

Verbalpunkt:

- Planleggja og leggja fram sak om namna minnelund i Strandebarm og Ålvik i 2028.
- KRB: Heradsstyret bed om at status vedrørande kapasitet på KRB vert presentert ved 1. tertial 2027. Emne: M.a. ventelister, prioriteringstema, status for pasientar utskrive frå sjukehus, status for avlastning, status for dagmulkt.

DRIFTSREKNESKAP	2027	2028	2029	2030
Sum driftsinntekter (rådmannen sitt framlegg)	- 1 312 200 000	- 1 269 800 000	- 1 247 100 000	- 1 268 800 000
Sum driftsutgifter (rådmannen sitt framlegg)	1 270 200 000	1 240 600 000	1 216 100 000	1 224 900 000
Netto finansutgifter (rådmannen sitt framlegg)	67 800 000	80 900 000	91 700 000	95 600 000
Motpost avskrivingar (rådmannen sitt framlegg)	- 72 000 000	- 71 900 000	- 71 900 000	- 71 900 000
NETTO DRIFTSRESULTAT (rådmannen sitt framlegg)	**- 46 200 000**	**- 20 200 000**	**- 11 200 000**	**- 20 200 000**
ENDRINGSFRAMLEGG - DRIFT	4 060 000	3 060 000	3 060 000	3 060 000
ENDRINGSFRAMLEGG - INVESTERING (akk. årleg endring renter og avdrag)	387 000	387 000	387 000	387 000
JUSTERT Netto driftsresultat etter endringer	**- 41 753 000**	**- 16 753 000**	**- 7 753 000**	**- 16 753 000**
NØKKELTAL Netto driftsresultat i prosent av netto driftsinntekter	*3,2 %*	*1,3 %*	*0,6 %*	*1,3 %*

DISPONERING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	2027	2028	2029	2030
Disposisjonsfond ved årsslutt (estimat basert på budsjett 2026)	162 000 000	174 000 000	177 000 000	189 000 000
ENDRINGSFRAMLEGG - BRUK AV DISPOSISJONEFOND (frå linje 7 og 8)	**- 4 447 000**	**- 3 447 000**	**- 3 447 000**	**- 3 447 000**
JUSTERT Disposisjonsfond	**157 553 000**	**170 553 000**	**173 553 000**	**185 553 000**
NØKKELTAL Disposisjonsfond i prosent av netto driftsinntekter	*12,0 %*	*13,4 %*	*13,9 %*	*14,6 %*

INVESTERINGSREKNESKAPEN	2027	2028	2029	2030
Investeringar i varige driftsmidlar (rådmannen sitt framlegg eks. mva.)	225 635 000	49 295 000	42 088 000	37 388 000
ENDRINGSRAMLEGG Investering i varige driftsmidlar	4 500 000	-	-	-
JUSTERT Investeringar i varige driftsmidlar (etter endringsframlegg)	**230 135 000**	**49 295 000**	**42 088 000**	**37 388 000**

LANGSIKTIG LÅNEGJELD	2027	2028	2029	2030
Sum langsiktig lånegjeld ex. startlån (rådmannen sitt framlegg)	1 603 000 000	1 576 000 000	1 543 000 000	1 504 000 000
ENDRINGSRAMLEGG Investering i varige driftsmidlar	4 500 000	-	-	-
JUSTERT Lånegjeld ex. startlån	**1 607 500 000**	**1 580 500 000**	**1 547 500 000**	**1 508 500 000**
NØKKELTAL Lånegjeld ex. startlån i prosent av driftsinntekter	*123 %*	*124 %*	*124 %*	*119 %*

*) Tabellen på denne sida vert oppdatert automatisk basert på det som vert lagt inn i fanane for endringsframlegg

Budsjett og økonomiplan 2026-29 — Framlegg til endringar DRIFT

Forslagsstiller(ar):

Nr.	ENDRINGSFORSLAG DRIFT (tal i kr)	2027	2028	2029	2030	SUM
a	Auka tilskot til kyrkja/straumstøtte	1 000 000				1 000 000
b	Straumstøtte (søkbar) til lag og organisasjonar	1 000 000				1 000 000
c	To årlege opptak i barnehage	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	12 000 000
d	Oppretthalda 350' i botnfrådrag i eigedomsskatten	4 000 000				4 000 000
e	Kvam eldreråd, budsjettmidlar til kursing, m.v.	30 000	30 000	30 000	30 000	120 000
f	RMNF, budsjettmidlar til kursing, m.v.	30 000	30 000	30 000	30 000	120 000
g	Ekstraordinært utbyte Kvam energi	- 5 000 000				- 5 000 000
h						-
i						-
j						-
k						-
l						-
m						-
n						-
o						-
p						-
q						-
r						-
s						-
t						-
	SUM ENDRINGSFORSLAG DRIFT (overført til framside)	**4 060 000**	**3 060 000**	**3 060 000**	**3 060 000**	**13 240 000**
	Endring i bruk av disposisjonsfond (overført til framside)	- 4 060 000	- 3 060 000	- 3 060 000	- 3 060 000	- 13 240 000

Bruksanvisning

1) Berre dei kvite felta skal fyllast ut. Dei andre felta vert berekna automatisk.
2) Skriv i øvste felt kven som fremjar forslaget
3) Skriv inn endringsforslaga. Eit på kvar linje.
4) Legg inn tal for alle dei aktuelle åra i økonomiplanperioden.
   * Auke i utgifter eller reduksjon i inntekter skal registrerast med "pluss" fortegn.
   * Auke i inntekter eller reduksjon i utgifter skal registrerast med "minus" fortegn.
5) Alle forslag til auka utgifter må finansierast.
   * Finansiering kan vera reduksjon i utgifter eller auke i inntekter. Dette må leggjast inn i tabellen på eiga linje.
   * Endringsforslag som ikkje er finansiert vert automatisk lagt inn som "Endring i bruk av disposisjonsfond"



Budsjett og økonomiplan 2026-29 | Framlegg til endringar INVESTERING

Nr.	ENDRINGSFRAMLEGG INVESTERING (tal i Kr, eks.mva.)	2027	2028	2029	2030	SUM
a	Namna minnelund Norheimsund	3 500 000				########
b	Bjørketeigen barnehage. Til uteområde	1 000 000				1 000 000
c	Tertial rapporten for 2027. Er det ventelister på å få plass? Korleis vert prioritering av plassar tildelt? Er det automatikk i at pasientar som har vore på sjukehus får rett til plass på KBR for oppfølging etter operasjon, når sjukehuset anbefalar det? Kva instans sikrar pasienten sitt behov i overgangen mellom sjukehusinnleggelse og plass på KBR?					-
d	Planlegge navna minnelund i Alvik og Strandebarm i 2028					-
e						-
f						-
g						-
h						-
i						-
j						-
k						-
l						-
m						-
n						-
o						-
p						-
q						-
r						-
s						-
t						-
	ENDRINGSFRAMLEGG investering i varige driftsmidlar (over	########	-	-	-	########

DRIFTSREKNESKAPEN Påverknad på netto driftsresultat	2027	2028	2029	2030	SUM
Årleg meirutgift renter 5,0 % (anslag basert på marknadsrenta)	225 000	-	-	-	225 000
Årleg meirutgift avdrag 3,8 % (anslag basert på gj.sn. avskriving 2025)	162 000	-	-	-	162 000
SUM Årleg endring renter og avdrag	387 000	-	-	-	387 000
AKKUMULERT Årleg endring renter og avdrag (overført til fr	387 000	387 000	387 000	387 000	1 548 000

Bruksanvisning

1) Berre dei kvite felta skal fyllast ut. Dei andre felta vert berekna automatisk.
2) Skriv i øvste felt kven som fremjar forslaget
3) Skriv inn endringsforslaga. Ett på kvar linje.
4) Legg inn tal for dei aktuelle åra i økonomiplanperioden når investeringen skal gjennomførast.
   * Auke i investeringsutgifter registrerast med "pluss" fortegn.
   * Fjerning av tidlegare vedtekne investeringar registrerast med "minus" fortegn.
5) Endringane er forutsatt fiansiert med Disposisjonsfond.
6) Eventuelle auka eller reduserte driftskostnader, vedlikehaldsautgifter, finansieringstillak eller innsparinger knytt til investeringa må registrerast som "Endringsframlegg drift"

091/26: Prisar og gebyr 2027

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunale gebyr, prisar, avgifter og betalingsordningar skal fakturerast i tråd med vedlegget «Prisar og gebyr 2027»

2. BIR Privat AS vert delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av Kvam herad, jfr §2 i Forskrift om handtering av hushaldningsavfall. Avfallsgebyret tilhøyrer Kvam herad.

3. Avfallsgebyr skal fakturerast i tråd med vedlegget «Prismatrise renovasjon Kvam herad 2027». Grunnpris på renovasjonstenester for 2027 vert redusert med 12,3 %. Ordninga med inkluderte førehandsbetalte tømingar av restavfall i grunngebyret vert fjerna, og betaling frå første tøming vert innført, jf. vedlegget «Gebyrvedtak renovasjon Kvam herad 2027».

Kommunalt påslag vert sett til kr 150 for hushaldning, kr 75 for fritidsbustader og kr 37,5 for campingvogn.

4. Rådmannen får fullmakt til å fastsetja prisar på ny velferdsteknologi etter kvart som det vert aktuelt.

5. Rådmannen får fullmakt til å endra prisar i tråd med statlege satsar som vert fastsett i statsbudsjettet.

6. Rådmannen får fullmakt til å endra gebyr og prisar i tråd med evt. endringar for pris og gebyr i vedtak i HST-sak «Kvam herad - Budsjett 2027 og Økonomiplan 2028-2030».

26.11.2026 Kvam formannskap

Behandling:
Som rådmannen sitt framlegg med følgjande endring: Endre ordlyd på gebyr for feiing frå "påbegynt time" til medgått tid.

Røysting:
Framlegget til Frode Nygård, FRP vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak. Frode Nygård, FRP fekk 5 røyster og vart vedteke. Geir Madsen, SV, Karin Hoff, H, Johanne Neteland, SP og Gjermund Stuve, SP røysta for rådmannen sitt framlegg.

FSK - 091/26 VEDTAK:
Som rådmannen sitt framlegg med følgjande endring:

Endre ordlyd på gebyr for feiing frå "påbegynt time" til medgått tid.

092/26: Forskrift for eigedomsskatt for 2027 for Kvam herad

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Vedlagt forskrift, takstvedtekter og liste over eigedomar med fritak for eigedomsskatt, med heimel i lov av 6. juni 1975 om eigedomsskatt til kommunane §2 og §7, vert vedteken slik dei ligg føre.

26.11.2026 Kvam formannskap

Behandling:
Som rådmannen sitt framlegg med følgjande endring: Bunnfrådrag på eigedomsskatt vert vidareført i 2027 på samme nivå som i 2026 (350.000 tusen kroner)

Røysting:
Framlegget frå Frode Nygård, FRP vart sett opp mot framlegget til rådmannen. Framlegget frå Frode Nygård, FRP fekk 6 røyster og vart vedteke. Partia SP (2 røyster) og H (1 røyst) røysta for rådmannen sitt framlegg.

FSK - 092/26 VEDTAK:
Som rådmannen sitt framlegg med følgjande endring:

Bunnfrådrag på eigedomsskatt vert vidareført i 2027 på samme nivå som i 2026 (350.000 tusen kroner)

093/26: Klage - omgjering av FSK vedtak 059/26 om båtopptrekk/slipp og molo/brygge på gnr. 3 bnr. 7, Vikøyvegen 720

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Klagen frå Statsforvaltaren i Vestland vert teken til følgje slik at vedtaket i Kvam formannskap si sak 059/26 vert endra i samsvar med revidert søknad og teikningar datert 29.10.2026. Den delen av FSK sak 030/26 som gjeld m.a. båtopptrekk/slipp og FSK vedtak 031/26 som gjeld brygge/molo vert samtidig oppheva.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 gjev Kvam formannskap dispensasjon frå pbl § 1-8 jf. kommuneplanen sin arealdel § 1.6.1 (byggegrense mot sjø), § 2.4.1 (LNF-område) og § 2.5.1 (bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone) for etablering av båtopptrekk/slipp og molo/brygge på gnr. 3 bnr. 7, Vikøyvegen 720, i samsvar med revidert situasjonsplan D3 og plan, snitt og fasadeteikning E13 datert 29.10.2026.

Kvam formannskap legg til grunn at den reviderte løysinga reduserer omfanget av tiltaket, gir betre landskapstilpassing og mindre privatisering av strandsona enn den tidlegare løysinga. Formannskapet meiner derfor at vilkåra for dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 er oppfylte. Nærmare grunngjeving for dispensasjon framgår av sakspapiret.

Kvam formannskap gjev dispensasjon og rammeløyve til båtopptrekk/slipp og molo/brygge etter plan og bygningslova på følgjande vilkår:

1. Eksisterande gangveg/gangbrygge og stupeanlegg på gnr 3 bnr 7 nord for naustet skal fjernast innan 6 månadar og før det kan gjevast ferdigattest for tiltaket.
2. Slippen skal utførast i treverk i samsvar med reviderte teikningar og søknad.
3. Arbeidet skal gjennomførast på ein skånsam måte slik at blakking av sjøvatn og spreiing av sediment vert avgrensa mest mogleg. Arbeidet bør så langt råd er utførast utanom gyte- og oppvekstperioden for torsk frå januar til juni.
4. Tiltaket skal plasserast som vist på godkjent situasjonsplan. Toleransekravet for plassering i horisontalplanet er +/-50 cm., forutsett at minsteavstandar i § 29-4 i plan- og bygningslova ikkje vert krenka. Vertikal toleranse er sett til +/- 20 cm.

Løyve vert gitt etter havne- og farvannsloven § 14, jfr § 1, 16 på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal utførast som skildra i søknaden, godkjende teikningar og kartutsnitt. Det må ikkje gjerast endringar utan at dette på førehand er godkjent av havnemyndigheit. Årsaka er at endringar kan føre til andre konsekvensar i farvatnet enn det som er vurdert i samband med løyvet
2. Det må sørgast for at slipp til ei kvar tid er forsvarleg vedlikehalden av omsyn til ferdsle og sikkerheit.
3. Eventuelt erstatningsansvar som følgje av tiltaket kviler på tiltakshavar fordi han får fordelen av tiltaket. Fører tiltaket til skade, er det naturleg at han dekker utgiftene.
4. Tiltakshaver skal sende inn melding vedlagt kart der tiltaket er nøyaktig innteikna med posisjoner oppgitt i WGS 84, til Efs/ Statens Kartverk Sjø, Postboks 60, 4001 Stavanger, straks etter at tiltaket er ferdigstilt. Tiltaket kan ikkje takast i bruk før slik melding er

sendt. Kopi av meldingen skal samtidig sendes Kystverket Vest, Serviceboks 2, 6025 ÅLESUND, med referanse til dette brevet. Dette må av omsyn til ferdsle og sikkerheit for sjøfarande, og for ajourhold og oppdatering av sjøkarta og eventuell kunngjøring i "Etterretninger for sjøfarende". Kopi av kart skal sendast til Kvam herad ved søknad om ferdigattest.

5. I samsvar med havne- og farvannsloven § 16 fell løyve bort dersom arbeidet med tiltaket ikkje er sett i gang seinast tre år etter at løyve vart gjeve. Det same gjeld dersom arbeidet med tiltaket vert innstilt i meir enn to år.

Klage

Det vert gjort merksam på at vedtaket kan påklagast, jf. § 1-9 i plan- og bygningslova og § 28 i forvaltningslova. Klagefrist er tre veker etter at melding om vedtak er motteke, jf. forvaltningslova §29. Klagen skal stilast til Statsforvaltaren i Vestland, men sendast til Kvam herad.

Dersom tiltak vert sett i verk før klagefristen er gått ut, eller før det føreligg endeleg vedtak etter handsaming av eventuell klage, må tiltakshavar bera kostnadene med eventuell seinare retting av tiltaket.

Informasjon

Dersom tiltaket ikkje er sett i gang seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Jf. plan- og bygningslova § 21-9.

Det vert gjort merksam på at de med visse unntak har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova §§ 18 og 19. Skulle de ha ynskje om innsyn kan Kvam herad kontaktast eller de kan nytta tenesta "Innsyn" på vår heimeside.

26.11.2026 Kvam formannskap

Behandling:

Kvam herad tek klagen frå Statsforvaltaren til følgje og opphevar vedtak av 07.05.2026 under sak 031/26 der det vart gjeve dispensasjon for brygge/molo på gbnr. 3/7, og Kvam herad sitt vedtak av 07.05.2026 under sak 030/26 der det vart gjeve løyve til båtopptrekk/slipp på gbnr. 3/7.

Røysting:

Framlegget til Geir Madsen, SV vart sett opp mot tilrådinga til rådmannen.
Geir Madsen, SV sitt framlegg fekk 2 røyster og fall mot 7 røyster. Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 7 røyster.
Geir Madsen, SV og Jostein Moldsvor, KRF røysta for Geir Madsen, SV sitt framlegg.

FSK - 093/26 VEDTAK:

Klagen frå Statsforvaltaren i Vestland vert teken til følgje slik at vedtaket i Kvam formannskap si sak 059/26 vert endra i samsvar med revidert søknad og teikningar datert 29.10.2026. Den delen av FSK sak 030/26 som gjeld m.a. båtopptrekk/slipp og FSK vedtak

031/26 som gjeld brygge/molo vert samtidig oppheva.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 gjev Kvam formannskap dispensasjon frå pbl § 1-8 jf. kommuneplanen sin arealdel § 1.6.1 (byggegrense mot sjø), § 2.4.1 (LNF-område) og § 2.5.1 (bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone) for etablering av båtopptrekk/slipp og molo/brygge på gnr. 3 bnr. 7, Vikøyvegen 720, i samsvar med revidert situasjonsplan D3 og plan, snitt og fasadeteikning E13 datert 29.10.2026.

Kvam formannskap legg til grunn at den reviderte løysinga reduserer omfanget av tiltaket, gir betre landskapstilpassing og mindre privatisering av strandsona enn den tidlegare løysinga. Formannskapet meiner derfor at vilkåra for dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 er oppfylte. Nærmare grunngjeving for dispensasjon framgår av sakspapiret.

Kvam formannskap gjev dispensasjon og rammeløyve til båtopptrekk/slipp og molo/brygge etter plan og bygningslova på følgjande vilkår:

1. Eksisterande gangveg/gangbrygge og stupeanlegg på gnr 3 bnr 7 nord for naustet skal fjernast innan 6 månadar og før det kan gjevast ferdigattest for tiltaket.
2. Slippen skal utførast i treverk i samsvar med reviderte teikningar og søknad.
3. Arbeidet skal gjennomførast på ein skånsam måte slik at blakking av sjøvatn og spreiing av sediment vert avgrensa mest mogleg. Arbeidet bør så langt råd er utførast utanom gyte- og oppvekstperioden for torsk frå januar til juni.
4. Tiltaket skal plasserast som vist på godkjent situasjonsplan. Toleransekravet for plassering i horisontalplanet er +/-50 cm., forutsett at minsteavstandar i § 29-4 i plan- og bygningslova ikkje vert krenka. Vertikal toleranse er sett til +/- 20 cm.

Løyve vert gitt etter havne- og farvannsloven § 14, jfr § 1, 16 på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal utførast som skildra i søknaden, godkjende teikningar og kartutsnitt. Det må ikkje gjerast endringar utan at dette på førehand er godkjent av havnemyndigheit. Årsaka er at endringar kan føre til andre konsekvensar i farvatnet enn det som er vurdert i samband med løyvet
2. Det må sørgast for at slipp til ei kvar tid er forsvarleg vedlikehalden av omsyn til ferdsle og sikkerheit.
3. Eventuelt erstatningsansvar som følgje av tiltaket kviler på tiltakshavar fordi han får fordelen av tiltaket. Fører tiltaket til skade, er det naturleg at han dekker utgiftene.
4. Tiltakshaver skal sende inn melding vedlagt kart der tiltaket er nøyaktig innteikna med posisjoner oppgitt i WGS 84, til Efs/ Statens Kartverk Sjø, Postboks 60, 4001 Stavanger, straks etter at tiltaket er ferdigstilt. Tiltaket kan ikkje takast i bruk før slik melding er sendt. Kopi av meldingen skal samtidig sendes Kystverket Vest, Serviceboks 2, 6025 ÅLESUND, med referanse til dette brevet. Dette må av omsyn til ferdsle og sikkerheit for sjøfarande, og for ajourhold og oppdatering av sjøkarta og eventuell kunngjøring i "Etterretninger for sjøfarende". Kopi av kart skal sendast til Kvam herad ved søknad om ferdigattest.
5. I samsvar med havne- og farvannsloven § 16 fell løyve bort dersom arbeidet med tiltaket ikkje er sett i gang seinast tre år etter at løyve vart gjeve. Det same gjeld dersom arbeidet med tiltaket vert innstilt i meir enn to år.

Klage
Det vert gjort merksam på at vedtaket kan påklagast, jf. § 1-9 i plan- og bygningslova og § 28 i forvaltningslova. Klagefrist er tre veker etter at melding om vedtak er motteke, jf. forvaltningslova §29. Klagen skal stilast til Statsforvaltaren i Vestland, men sendast til Kvam herad.

Dersom tiltak vert sett i verk før klagefristen er gått ut, eller før det føreligg endeleg vedtak etter handsaming av eventuell klage, må tiltakshavar bera kostnadene med eventuell seinare retting av tiltaket.

Informasjon
Dersom tiltaket ikkje er sett i gang seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Jf. plan- og bygningslova § 21-9.

Det vert gjort merksam på at de med visse unntak har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova §§ 18 og 19. Skulle de ha ynskje om innsyn kan Kvam herad kontaktast eller de kan nytta tenesta "Innsyn" på vår heimeside.

094/26: Søknad om konsesjon for overtaking av fast eigedom gnr. 1, bnr. 2. Torstein Geirmundson Storaas

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:
Med heimel i konsesjonslova §§ 1 og 9 og 11 gjev Kvam herad Torstein Geirmundson Storaas konsesjon for overtaking av gards - og bruksnummer 1/2 på Heradstveit på vilkår av at det vert gjennomført upersonleg buplikt ved utleige av bustadhuset på 1/2 som langtidsutleige så lenge søkjar er eigar.
Eigedomen skal drivast saman med 94/1 og 2 som han eig frå før.

26.11.2026 Kvam formannskap

Behandling:
Røysting:
Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med 9 røyster

FSK - 094/26 VEDTAK:

Med heimel i konsesjonslova §§ 1 og 9 og 11 gjev Kvam herad Torstein Geirmundson Storaas konsesjon for overtaking av gards - og bruksnummer 1/2 på Heradstveit på vilkår av at det vert gjennomført upersonleg buplikt ved utleige av bustadhuset på 1/2 som langtidsutleige så lenge søkjar er eigar.
Eigedomen skal drivast saman med 94/1 og 2 som han eig frå før.

095/26: Kommuneplanen sin samfunnsdel - 1. gongs handsaming

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Kvam formannskap legg kommuneplanen sin samfunnsdel ut til offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 11-14.

23.11.2026 Kvam eldreråd

Behandling:
Tilleggsforslag frå Kvam eldreråd:
Ålvik, Tørvikbygd, Tangerås, Omastrand og Mundheim bør definerast som lokalsenter med viktige funksjonar for sine nærområde. Felleskapet skal leggja til rette for utvikling av bustader, tenester, møteplassar og næringsverksemd som styrkjer desse lokalsentra.

Røysting:
Kvam eldreråd tar saka til vitande med fylgjande tillegg: Ålvik, Tørvikbygd, Tangerås, Omastrand og Mundheim bør definerast som lokalsenter med viktige funksjonar for sine nærområde. Felleskapet skal leggja til rette for utvikling av bustader, tenester, møteplassar og næringsverksemd som styrkjer desse lokalsentra.

KER - 034/26 VEDTAK:

Kvam eldreråd tar saka til vitande med fylgjande tillegg: Ålvik, Tørvikbygd, Tangerås, Omastrand og Mundheim bør definerast som lokalsenter med viktige funksjonar for sine nærområde. Felleskapet skal leggja til rette for utvikling av bustader, tenester, møteplassar og næringsverksemd som styrkjer desse lokalsentra.

25.11.2026 Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Behandling:

Røysting:

RMF tar saka til vitande.

RMF - 034/26 VEDTAK:

RMF tok saka til vitande.

26.11.2026 Kvam formannskap

Behandling:
Framlegg frå Geir Madsen, SV: Som rådmannen sitt framlegg med følgjande endring: Nytt kulepunkt side 11 under tema "korleis vil me at det skal vera i Kvam om 5 år": Eit samfunn utan invaderande masseturisme

Framlegg frå Jostein Moldsvor, KRF: Som rådmannen sitt framlegg med følgjande endring:
Nytt kulepunkt side 11 Under "Korleis vil me at det skal vere i Kvam om 30 år":
Eit bærekraftig reiseliv som tek vare på dei lokale verdiane.

Framlegg frå Jostein Moldsvor, KRF: Som rådmannen sitt framlegg med følgjande endring:
Tillegg "og naturen" side 12:

Andre avsnitt, nest siste setning: Legge til "òg naturen" på slutten, slik at setninga blir slik:
"..., kjend kunnskap om areal og kva som er best for kommunen og naturen".

Framlegg frå Gjermund Stuve, SP: Som rådmannen sitt framlegg med følgjande endring:
Side 12, avsnitt 5, og det er viktig at me har nok tilgjengelege bustader i alle deler av heradet

Framlegg frå Gjermund Stuve, SP: Side 13, nytt avsnitt 7, Norheimsund og Øystese er dei største tettstadene i kommunen og sentrale område for vekst og utvikling. Ålvik, Tørvikbygd, Tangerås, Omastrand og Mundheim er lokalsenter med viktige funksjonar for sine nærområde. Kommunen skal leggja til rette for utvikling av bustader, tenester, møteplassar og næringsverksemd som styrkjer desse lokalsentra. Utvikling av heile kommunen føreset tilstrekkeleg utbygd infrastruktur internt i kommunen og mot andre regionsenter.

Framlegg frå Gjermund Stuve, SP: Som rådmannen sitt framlegg med følgjande endring:
Side 14, avsnitt 3, Me treng djerve menneske med dristige hjernar som kan sjå føre seg det som er ubygd, og eit modig herad, som tek i bruk heile heradet.

Framlegg frå Gjermund Stuve, SP: Som rådmannen sitt framlegg med følgjande endring:
Side 16, tabell 3, Ta ut: Ny utbygging bør lokaliserast slik at behovet for transport vert redusert, og fleire kan gå, sykla eller nytta kollektivtransport, og ha universell tilkomst.

Framlegg frå Gjermund Stuve, SP: Som rådmannen sitt framlegg med følgjande endring: Side 17, tabell 4, Leggja til rette for at det er nok bustader, ein variasjon i buformer og førebyggja bustadsosiale utfordringar i heile heradet

Framlegg frå Geir Madsen, SV: Som rådmannen sitt framlegg med følgjande endring: Tabell side 15 Satsingsområde og Hovudmål, rad fire "Samfunnsdelen - attraktivt bygdeliv". Sette inn ordet kultur slik at ny tekst heiter : Kvam er det naturlege valet for dei som ynskjer det beste av natur, kultur, felleskap og livskvalitet.

Røysting:
1. Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med 8 røyster
2. Geir Madsen, SV sitt framlegg vedk. nytt kulepunkt s. 11. vart samrøystes vedteke med 8 røyster.
3. Jostein Moldsvor, KRF sitt framlegg vedk. Nytt kulepunkt side 11 Under "Korleis vil me at det skal vere i Kvam om 30 år" vart samrøystes vedteke med 8 røyster.
4. Jostein Moldsvor, KRF sitt framlegg vedk. endring Tillegg "og naturen" side 12 vart samrøystes vedteke med 8 røyster.
5. Gjermund Stuve, SP sitt framlegg vedk. endring s. 12 vart samrøystes vedteke med 8 røyster
6. Gjermund Stuve, SP sitt framlegg vedk. endring s. 13 vart vedteke med 7 røyster mot 1 røyst. Ordførar Torgeir Næss røysta mot framlegget.
7. Gjermund Stuve, SP sitt framlegg vedk. endring s. 14 vart samrøystes vedteke med 8 røyster.
8. Gjermund Stuve, SP sitt framlegg vedk. endring s. 16 vart vedteke med 6 mot 2 røyster. Ordførar Torgeir Næss og Geir Madsen, SV røysta mot framlegget.
9. Gjermund Stuve, SP sitt framlegg vedk. endring s. 17 vart samrøystes vedteke med 8 røyster
10. Geir Madsen, SV sitt framlegg vedk. tabell s. 15. vart samrøystes vedteke med 8 røyster

FSK - 095/26 VEDTAK:
Kvam formannskap legg kommuneplanen sin samfunnsdel ut til offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 11-14 med følgjande endringar:

Nytt kulepunkt side 11 under tema "korleis vil me at det skal vera i Kvam om 5 år": Eit samfunn utan invaderande masseturisme
Nytt kulepunkt side 11 Under "Korleis vil me at det skal vere i Kvam om 30 år": Eit bærekraftig reiseliv som tek vare på dei lokale verdiane.

Tillegg "og naturen" side 12: Andre avsnitt, nest siste setning: Legge til "òg naturen" på slutten, slik at setninga blir slik: "..., kjend kunnskap om areal og kva som er best for kommunen og naturen".

Endring: Side 12, avsnitt 5, og det er viktig at me har nok tilgjengelege bustader i alle deler av heradet.

Side 13, nytt avsnitt 7, Norheimsund og Øystese er dei største tettstadene i kommunen og

sentrale område for vekst og utvikling. Ålvik, Tørvikbygd, Tangerås, Omastrand og Mundheim er lokalsenter med viktige funksjonar for sine nærområde. Kommunen skal leggja til rette for utvikling av bustader, tenester, møteplassar og næringsverksemd som styrkjer desse lokalsentra. Utvikling av heile kommunen føreset tilstrekkeleg utbygd infrastruktur internt i kommunen og mot andre regionsenter.

Side 14, avsnitt 3, Me treng djerve menneske med dristige hjernar som kan sjå føre seg det som er ubygd, og eit modig herad, som tek i bruk heile heradet.

Side 16, tabell 3, Ta ut: Ny utbygging bør lokaliserast slik at behovet for transport vert redusert, og fleire kan gå, sykla eller nytta kollektivtransport, og ha universell tilkomst.

Side 17, tabell 4, Leggja til rette for at det er nok bustader, ein variasjon i buformer og førebyggja bustadsosiale utfordringar i heile heradet

Tabell side 15 Satsingsområde og Hovudmål, rad fire "Samfunnsdelen - attraktivt bygdeliv". Sette inn ordet kultur slik at ny tekst heiter : Kvam er det naturlege valet for dei som ynskjer det beste av natur, kultur, felleskap og livskvalitet.

096/26: Kommunedelplan for helse og omsorg - 1. gongs handsaming

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam formannskap legg kommuneplanen for helse og omsorg ut til offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 11-14.

23.11.2026 Kvam eldreråd

Behandling:

Tilleggsforslag frå Kvam eldreråd:
Kvam eldreråd støttar dei lokale innspela om utvikling og bevaring av dei kommunale tilbuda i heile kommunen

Røysting:
Kvam eldreråd tar saka til vitande med fylgjande tillegg: Kvam eldreråd støttar dei lokale innspela om utvikling og bevaring av dei kommunale tilbuda i heile kommunen.

KER - 033/26 VEDTAK:

Kvam eldreråd tok saka til vitande med fylgjande tillegg: Kvam eldreråd støttar dei lokale innspela om utvikling og bevaring av dei kommunale tilbuda i heile kommunen.

25.11.2026 Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Behandling:

Røysting:
RMF tar saka til vitande med fylgjande tillegg: RMF legg til grunn at CRPD (FN- Konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne) blir eit sentralt tema i vidare høyringsprossess, og ved gjennomføring av planen.

RMF - 035/26 VEDTAK:

RMF tar saka til vitande med fylgjande tillegg: RMF legg til grunn at CRPD (FN- Konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne) blir eit sentralt tema i vidare høyringsprossess, og ved gjennomføring av planen.

26.11.2026 Kvam formannskap

Behandling:
Framlegg frå Geir Madsen, SV: Som rådmannen sitt framlegg med følgjande endring: Ny formulering strategi 6 på side 17 i plandokumentet: Helse og omsorg vil utvikla tenestene i

samarbeid med brukarane, pårørande, frivillige og lokalsamfunnet.

Endre til : Innbyggjarane i Kvam skal kjenna seg trygge på at helse og omsorg leverer gode tenester i samarbeid med brukarane, pårørande, frivillige og lokalsamfunnet.

Merknad: Det er feil i utsendt saksdokument. Rådmann har difor sendt saka ut på ny. Vedtak vert korrigert i samsvar med dette.
Geir Madsen, SV trekte sitt framlegg i saka.
Røysting:
Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med 9 røyster

FSK - 096/26 VEDTAK:
Kvam formannskap legg kommuneplanen for helse og omsorg ut til offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 11-14.

097/26: Avtale om administrativt vertskommune samarbeid for Miljøretta helsevern

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre sluttar seg til «Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om miljøretta helsevern» der Kvam Herad er vertskommune, og Samnanger og Ulvik er samarbeidskommunar.

28.10.2026 Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Behandling:

Røysting:
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tar saka til vitande.

RMF - 027/26 VEDTAK:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tok saka til vitande.

29.10.2026 Kvam formannskap

Behandling:
Fellesframlegg frå H og SP sett fram av Arne Sandven, H:

Alternativt framlegg til vedtak:

1. Heradsstyret godkjenner ikkje framlegget til samarbeidsavtale mellom Kvam, Samnanger og Ulvik om miljøretta helsevern. Den føreslegne fellesstillinga vert ikkje oppretta.
2. Heradsstyret meiner det ikkje er tilstrekkeleg dokumentert at ei ny fast stilling er den mest føremålstenlege og kostnadseffektive måten å løysa oppgåvene på. I ein situasjon med nedbemanning i tenestene må nye faste kostnader vera særleg godt grunngjevne.
3. Rådmannen vert beden om å organisera det lovpålagde arbeidet gjennom risikobasert prioritering, eksisterande ressursar og kjøp av nødvendig fagbistand innanfor vedtekne budsjettrammer.

Røysting:
Fellesframlegget til H og SP sett fram av Arne Sanven, H vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg. Fellesframlegget til H og SP sett fram av Arne Sanven, H fekk 4 røyster (SV, H og SP) og fall. Rådmannen sitt framlegg fekk 5 røyster og vart vedteke.

FSK - 086/26 VEDTAK:
Kvam heradsstyre sluttar seg til «Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om miljøretta helsevern» der Kvam Herad er vertskommune, og Samnanger og Ulvik er samarbeidskommunar.

04.11.2026 Kvam heradsstyre

Behandling:
Fellesframlegg frå SP og H sett fram av Arne Sandven, H:

1. Heradsstyret godkjenner ikkje framlegget til samarbeidsavtale mellom Kvam, Samnanger og Ulvik om miljøretta helsevern. Den føreslegne fellesstillinga vert ikkje oppretta.
2. Heradsstyret meiner det ikkje er tilstrekkeleg dokumentert at ei ny fast stilling er den mest føremålstenlege og kostnadseffektive måten å løysa oppgåvene på. I ein situasjon med nedbemanning i tenestene må nye faste kostnader vera særleg godt grunngjevne.
3. Rådmannen vert beden om å organisera det lovpålagde arbeidet gjennom risikobasert prioritering, eksisterande ressursar og kjøp av nødvendig fagbistand innanfor vedtekne budsjettrammer.

Framlegg frå Bjørgulv Hauger, FRP: Saka vert utsett til neste møtebolk.
Røysting over utsettingsframlegget:
Framlegget til Bjørgulv Hauger, FRP fekk 14 røyster og vart vedteke mot 12 røyster.
Følgjande parti røysta mot utsetting:

- FRP (Frode Nygård og Heidi Fanebust)
- AP (6)
- V (1)

- KRF (2)
- MDG (1)

Martin Lunestad, H hadde permisjon frå saka. Det var 26 røysteføre i handsaminga av saka.

HST - 101/26 VEDTAK:
Saka vart utsett til neste møtebolk

23.11.2026 Kvam eldreråd

Behandling:

Røysting:
Kvam eldreråd tar fellesframlegget til H og Sp til vitande.
1. Heradsstyret godkjenner ikkje framlegget til samarbeidsavtale mellom Kvam, Samnanger og Ulvik om miljøretta helsevern. Den føreslegne fellesstillinga vert ikkje oppretta.
2. Heradsstyret meiner det ikkje er tilstrekkeleg dokumentert at ei ny fast stilling er den mest føremålstenlege og kostnadseffektive måten å løysa oppgåvene på. I ein situasjon med nedbemanning i tenestene må nye faste kostnader vera særleg godt grunngjevne.
3. Rådmannen vert beden om å organisera det lovpålagde arbeidet gjennom risikobasert prioritering, eksisterande ressursar og kjøp av nødvendig fagbistand innanfor vedtekne budsjettrammer.

KER - 031/26 VEDTAK:

Kvam eldreråd tok fellesframlegget til H og Sp til vitande.

26.11.2026 Kvam formannskap

Behandling:
Fellesframlegg frå SP og H sett fram av Gjermund Stuve, SP: Alternativt framlegg til vedtak:

1. Heradsstyret godkjenner ikkje framlegget til samarbeidsavtale mellom Kvam, Samnanger og Ulvik om miljøretta helsevern. Den føreslegne fellesstillinga vert ikkje oppretta.
2. Heradsstyret meiner det ikkje er tilstrekkeleg dokumentert at ei ny fast stilling er den mest føremålstenlege og kostnadseffektive måten å løysa oppgåvene på. I ein situasjon med nedbemanning i tenestene må nye faste kostnader vera særleg godt grunngjevne.
3. Rådmannen vert beden om å organisera det lovpålagde arbeidet gjennom risikobasert prioritering, eksisterande ressursar og kjøp av nødvendig fagbistand innanfor vedtekne budsjettrammer.

Røysting:
Fellesframlegget til SP og H sett fram av Gjermund Stuve, SP vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak.
Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 6 røyster og vart vedteke mot 3 røyster.

Gjermund Stuve, SP, Johanne Neteland, SP og Karina Hoff, H røysta for fellesframlegget til SP og H.

FSK - 097/26 VEDTAK:
Kvam heradsstyre sluttar seg til «Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om miljøretta helsevern» der Kvam Herad er vertskommune, og Samnanger og Ulvik er samarbeidskommunar.

098/26: Vertskommunesamarbeid NAV for kommunane Ulvik, Eidfjord, Kvam, Vaksdal og Voss

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek at kommunen ikkje går vidare med å utforma ein vertskommuneavtale i region Voss og Hardanger, med Voss herad som vertskommune.

23.11.2026 Kvam eldreråd

Behandling:

Røysting:
Kvam eldreråd tar saka til vitande.

KER - 038/26 VEDTAK:

Kvam eldreråd tok saka til vitande.

25.11.2026 Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Behandling:

Røysting:
RMF tar saka til vitande.

RMF - 038/26 VEDTAK:

RMF tok saka til vitande.

26.11.2026 Kvam formannskap

Behandling:
Røysting:
Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med 9 røsyter

FSK - 098/26 VEDTAK:
Kvam heradsstyre vedtek at kommunen ikkje går vidare med å utforma ein vertskommuneavtale i region Voss og Hardanger, med Voss herad som vertskommune.

099/26: Deltaking i regional programsatsing systematisk folkehelsearbeid i Vestland 2026 - 2036

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kvam heradsstyre vedtek:
    a. Kvam herad skal delta i den regionale programsatsinga «Systematisk folkehelsearbeid i Vestland 2026-2036»
    b. Kvam herad inngår partnarskapsavtale med Vestland fylkeskommune om deltaking i satsinga.

2. Rådmannen får fullmakt til å signera partnarskapsavtalen og peike ut kommunen sin kontaktperson for satsinga.

3. Deltakinga skal forankrast i kommunen sine ordinære plan-, styrings- og kvalitetsprosessar, og kommunen skal bidra med nødvendig eigeninnsats i samsvar med partnarskapsavtalen.

23.11.2026 Kvam eldreråd

Behandling:

Røysting:
Kvam eldreråd tar saka til vitande.

KER - 032/26 VEDTAK:

Kvam eldreråd tok saka til vitande.

25.11.2026 Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Behandling:

Røysting:
RMF støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.

RMF - 036/26 VEDTAK:

1. Kvam heradsstyre vedtek:
    a. Kvam herad skal delta i den regionale programsatsinga «Systematisk folkehelsearbeid i Vestland 2026-2036»
    b. Kvam herad inngår partnarskapsavtale med Vestland fylkeskommune om deltaking i satsinga.

2. Rådmannen får fullmakt til å signera partnarskapsavtalen og peike ut kommunen sin kontaktperson for satsinga.

3. Deltakinga skal forankrast i kommunen sine ordinære plan-, styrings- og kvalitetsprosessar, og kommunen skal bidra med nødvendig eigeninnsats i samsvar med partnarskapsavtalen.

26.11.2026 Kvam formannskap

Behandling:
Røysting:
Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med 9 røyster

FSK - 099/26 VEDTAK:

1. Kvam heradsstyre vedtek:
    a. Kvam herad skal delta i den regionale programsatsinga «Systematisk folkehelsearbeid i Vestland 2026-2036»
    b. Kvam herad inngår partnarskapsavtale med Vestland fylkeskommune om deltaking i satsinga.

2. Rådmannen får fullmakt til å signera partnarskapsavtalen og peike ut kommunen sin kontaktperson for satsinga.

3. Deltakinga skal forankrast i kommunen sine ordinære plan-, styrings- og kvalitetsprosessar, og kommunen skal bidra med nødvendig eigeninnsats i samsvar med partnarskapsavtalen.

100/26: Innføring av kommunale vassmålarar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre løyver inntil kr 1.500.000,- i 2027 til kjøp av digitale vassmålarar for kommunal utleige til abonnentane. Kjøpet vert finansiert innan sjølvkostområdet for vatn og avløp, med sjølvfinansierande lån.

26.11.2026 Kvam formannskap

Behandling:
Røysting:
Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med 9 røyster

FSK - 100/26 VEDTAK:
Kvam heradsstyre løyver inntil kr 1.500.000,- i 2027 til kjøp av digitale vassmålarar for kommunal utleige til abonnentane. Kjøpet vert finansiert innan sjølvkostområdet for vatn og avløp, med sjølvfinansierande lån.

101/26: Kvam ungdomsskule- Uteområde

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Kvam heradsstyre løyver eit tilskot på 1 mill.kr til Øystese fotballklubb for å etablere ein 7-ar fotballbane i uteområdet til Kvam Ungdomsskule. Løyvinga føreset avtale om bruk av grunn og nytte av banen mellom Kvam herad og Øystese fotballklubb, og at Øystese fotballklubb har byggjeløyve og fullfinansiering av fotballbanen innan september 2027. Tilskotet vert finansiert med kraftfond og FAU-midlar tidlegare løyvt til ballbinge.

Kvam heradsstyre løyver ikkje 0,75 mill.kr til låsbar sykkelparkering

26.11.2026 Kvam formannskap

Behandling:
Framleg frå Geir Madsen, SV: Kvam heradsstyre løyver inn til 0,75 mill.kr til ope sykkelskur for minimum 20 syklar. Skuret treng ikkje ladepunkt, men skal ha festepunkt til bruk for privat sykkellås.

Ungdomsrådet ved Sondre Fagerheim Lunestad la fram ungdomsrådet sin uttale i saka.

Røysting:
Geir Madsen, SV sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg til

vedtak.
Geir Madsen, SV sitt framlegg fekk 2 røyster og fall mot 6 røyster.
Geir Madsen, SV og Jostein Moldsvor, KRF røysta for framlegget til Geir Madsen, SV.
Linda Haugland Jondahl, AP hadde permisjon i saka. Det var 8 røysteføre i saka.

FSK - 101/26 VEDTAK:

Kvam heradsstyre løyver eit tilskot på 1 mill.kr til Øystese fotballklubb for å etablere ein 7-ar fotballbane i uteområdet til Kvam Ungdomsskule. Løyvinga føreset avtale om bruk av grunn og nytte av banen mellom Kvam herad og Øystese fotballklubb, og at Øystese fotballklubb har byggjeløyve og fullfinansiering av fotballbanen innan september 2027. Tilskotet vert finansiert med kraftfond og FAU-midlar tidlegare løyvt til ballbinge.
Kvam heradsstyre løyver ikkje 0,75 mill.kr til låsbar sykkelparkering

---

102/26: Utgreiing om eigedom med Røde Kors-huset

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre vil nytta eigedomen med Røde Kors-huset til framtidig uteområde for Sjydnahaugen barnehage. Investeringsprosjekt med riving av bustadhus og tilrettelegging av uteområde, inkludert finansiering, vert innarbeidd i neste økonomiplanperiode (2028-2031).

23.11.2026 Kvam eldreråd

Behandling:
Framlegg til vedtak frå Kvam eldreråd:
Så lenge BUA har behov for plassen og evt. andre frivillige organisasjonar kan nytta huset, vil me at riving av huset vert utsett.

Røysting:
Framlegg til vedtak frå Kvam eldreråd vart samrøystes vedteke.

KER - 036/26 VEDTAK:

Så lenge BUA har behov for plassen og evt. andre frivillige organisasjonar kan nytta huset, vil me at riving av huset vert utsett.

25.11.2026 Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Behandling:

Røysting:
RMF støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak med fylgjande tillegg: RMF er opptekne av at dagens brukarar av Røde Kors-huset får eit godt alternativt tilbud og blir ivaretekne på ein god måte.

RMF - 039/26 VEDTAK:

RMF støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak med fylgjande tillegg: RMF er opptekne av at dagens brukarar av Røde Kors-huset får eit godt alternativt tilbud og blir ivaretekne på ein god måte.

26.11.2026 Kvam formannskap

Behandling:
Framlegg frå AP sett fram av ordførar Torgeir Næss:

Kvam heradsstyre vedtek å nytta eigedomen, Røde korshuset - gnr 43/bnr 25, til framtidig arealbehov for Sjydnahaugen barnehage, framtidige sentrumsføremål og andre offentlege føremål.
Røde Korshuset kan stå på tomta fram til det er kome avklaring kring framtidig drift av Bua.
Rådmannen kan fritt fremja sak om riving av huset dersom bruken av huset opphøyrer eller at dagens FDV kostnader får stor auke.

Røysting:
Ordførar Torgeir Næss sitt framlegg vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg.
Ordførar Torgeir Næss sitt framlegg fekk 5 røyster og vart vedteke mot 3 røyster. Karina Hoff, H, Frode Nygård, FRP og Gry Merethe Kyrkjeeide, FRP røysta for rådmannen sitt framlegg som fall.
Linda Haugland Jondahl, AP hadde permisjon i saka. Det var 8 røysteføre i saka.

FSK - 102/26 VEDTAK:
Kvam heradsstyre vedtek å nytta eigedomen, Røde korshuset - gnr 43/bnr 25, til framtidig arealbehov for Sjydnahaugen barnehage, framtidige sentrumsføremål og andre offentlege føremål.
Røde Korshuset kan stå på tomta fram til det er kome avklaring kring framtidig drift av Bua.
Rådmannen kan fritt fremja sak om riving av huset dersom bruken av huset opphøyrer eller at dagens FDV kostnader får stor auke.

103/26: Prioritering av spelemidlar 2027

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Kvam heradsstyre vedtek oppdatert handlingsprogram slik det ligg føre for perioden 2017 - 2027.

1. Prioritert handlingsplan for ordinære idrett- og friluftsanlegg 2025 – 2026
2. Langtidsprogram for ordinære idrettsanlegg 2020 -2027, ikkje prioriterte
3. Langtidsprogram nærmiljøanlegg 2010 -2027, ikkje prioriterte.

Kvam heradsstyre vedtek at prioriteringslista for ordinære spelemiddelsøknader for 2027:

Fornying av tidlegare søknader:

1. Vangdalsåsen – nybygg standplass og skyteskiver
2. Motocrossbane Tørvikbygd – nybygg øvingsbane stor
3. Motocrossbane Tørvikbygd – nybygg øvingsbane liten
4. Vangdalsåsen – nybygg lager
5. Vangdalsåsen – nybygg feltanlegg
6. Norheimsund idrettsanlegg idrettshus – Nye garderobar og nytt sanitæranlegg
7. Norheimsund idrettsanlegg idrettshus – kunstgras-7 bane - nybygg av lysanlegg ute
8. Sjusete skihytte – rehabilitering av skihytta

Nye anlegg:

1. Øystese fotballklubb – nybygg garderobeanlegg i Busdalen
2. Øystese fotballklubb – rehabilitering av lysanlegg ute
3. Strandebarm idrettslag – rehabilitering av 7ar bane Tangerås
4. Øystese fotballklubb – nybygg 7ar bane ved Kvam ungdomsskule

Nærmiljøanlegg

1. Øystese barneskule – nybygg balanseleik
2. Øystese barneskule – nybygg ballbinge

Innsending av søknadar til Vestland fylkeskommune krev ei fullstendig søknad. Nokre av dei nye søknadane har framleis manglar og vil verta komplette før innsending. Dersom dei framleis har manglar ved frist for innsending, så vert søknaden avvist og ikkje send inn. Det er krav i forskrift om «tilskudd til bygging og rehabilitering av anlegg for idrett og fysisk aktivitet frå spilloverskuddet til Norsk Tipping».

26.11.2026 Kvam formannskap

Behandling:
Ungdomsrådet ved Sondre Fagerheim Lunestad la fram ungdomsrådet sin uttale i saka.
Røysting:
Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med 8 røyster
Linda Haugland Jondahl, AP hadde permisjon i saka. Det var 8 røysteføre i saka.

FSK - 103/26 VEDTAK:

Kvam heradsstyre vedtek oppdatert handlingsprogram slik det ligg føre for perioden 2017 - 2027.

1. Prioritert handlingsplan for ordinære idrett- og friluftsanlegg 2025 – 2026
2. Langtidsprogram for ordinære idrettsanlegg 2020 -2027, ikkje prioriterte
3. Langtidsprogram nærmiljøanlegg 2010 -2027, ikkje prioriterte.

Kvam heradsstyre vedtek at prioriteringslista for ordinære spelemiddelsøknader for 2027:
Fornying av tidlegare søknader:

1. Vangdalsåsen – nybygg standplass og skyteskiver
2. Motocrossbane Tørvikbygd – nybygg øvingsbane stor
3. Motocrossbane Tørvikbygd – nybygg øvingsbane liten
4. Vangdalsåsen – nybygg lager
5. Vangdalsåsen – nybygg feltanlegg
6. Norheimsund idrettsanlegg idrettshus – Nye garderobar og nytt sanitæranlegg
7. Norheimsund idrettsanlegg idrettshus – kunstgras-7 bane - nybygg av lysanlegg ute
8. Sjusete skihytte – rehabilitering av skihytta

Nye anlegg:

1. Øystese fotballklubb – nybygg garderobeanlegg i Busdalen
2. Øystese fotballklubb – rehabilitering av lysanlegg ute
3. Strandebarm idrettslag – rehabilitering av 7ar bane Tangerås
4. Øystese fotballklubb – nybygg 7ar bane ved Kvam ungdomsskule

Nærmiljøanlegg

1. Øystese barneskule – nybygg balanseleik
2. Øystese barneskule – nybygg ballbinge

Innsending av søknadar til Vestland fylkeskommune krev ei fullstendig søknad. Nokre av dei nye søknadane har framleis manglar og vil verta komplette før innsending. Dersom dei framleis har manglar ved frist for innsending, så vert søknaden avvist og ikkje send inn. Det er krav i forskrift om «tilskudd til bygging og rehabilitering av anlegg for idrett og fysisk aktivitet frå spilloverskuddet til Norsk Tipping».

104/26: Førebyggings- og fritidstenester og utlånsordninga BUA

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Kvam heradsstyre tek orienteringa om førebyggings- og fritidsfeltet til vitande.

Kvam heradsstyre tek orienteringa om at Øystese idrettslag arbeider vidare med utlånsordninga BUA til vitande.

23.11.2026 Kvam eldreråd

Behandling:

Røysting:
Kvam eldreråd tar saka til vitande.

KER - 037/26 VEDTAK:

Kvam eldreråd tok saka til vitande.

25.11.2026 Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Behandling:

Røysting:
RMF støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.

RMF - 040/26 VEDTAK:

Kvam heradsstyre tek orienteringa om førebyggings- og fritidsfeltet til vitande.
Kvam heradsstyre tek orienteringa om at Øystese idrettslag arbeider vidare med utlånsordninga BUA til vitande.

26.11.2026 Kvam formannskap

Behandling:
Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med 8 røyster
Linda Haugland Jondahl, AP hadde permisjon i saka. Det var 8 røysteføre i saka.

FSK - 104/26 VEDTAK:
Kvam heradsstyre tek orienteringa om førebyggings- og fritidsfeltet til vitande.
Kvam heradsstyre tek orienteringa om at Øystese idrettslag arbeider vidare med

utlånsordninga BUA til vitande.

105/26: Permisjon frå vervet som 1. vara i Kvam heradsstyre. Laila Sagstad Fosso

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre innvilgar med heimel i kommunelova § 7-9, 2. ledd, Laila Sagstad Fosso permisjon frå vervet som 1. vara i Kvam heradsstyre for resten av valperioden.

Laila Sagstad Fosso kan ikkje tre inn igjen i vervet som 1. vara i perioden det er bedt om permisjon jf. kommunelova § 7-9, 3. ledd.

26.11.2026 Kvam formannskap

Behandling:
Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med 8 røyster
Linda Haugland Jondahl, AP hadde permisjon i saka. Det var 8 røysteføre i saka.

FSK - 105/26 VEDTAK:
Kvam heradsstyre innvilgar med heimel i kommunelova § 7-9, 2. ledd, Laila Sagstad Fosso permisjon frå vervet som 1. vara i Kvam heradsstyre for resten av valperioden.
Laila Sagstad Fosso kan ikkje tre inn igjen i vervet som 1. vara i perioden det er bedt om permisjon jf. kommunelova § 7-9, 3. ledd.
